

K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1994

48. årg.



*Kom Jesus lys din fred på jord,
for verdi fer i ville,
og bror seg reiser opp mot bror,
og striden herjar ille.*

*Kom, Jesus til di kyrkje ned,
så me kan vegen kjenna
til landero og folkefred,
og broderstriden enda.*

*Kom, Jesus, lys din fred på jord,
så hatet bort må brenna!
Og tal som før ditt skaparord,
så rettferdsdag må renna!*

(Ivar Aartun)

Barnetru...?

Eg møter av og til menneske som seier: "Eg har framleis mi barnetru." Då er eg ofte spent på kva dei meiner.

Meiner dei at dei har teke vare på den enkle tilliten til Jesus - den tilliten dei fekk som born? Ingen ting er betre enn det! Då varmar det presten rundt hjarte-røtene.

Men sant og seia: Ofte trur eg at dei talar om ei tru som ikkje har fått utvikla seg sidan dei var små!

På alle område i livet vil vi utvikla oss. Kroppen veks og mognast til ein vaksen kropp. Sjel og sinn likeeins. Vi vil utvikla oss i fag og yrke, som foreldre, på idrettsbanen osb. Er det ikkje då rart at nokon er nøgde med å vera 7 år gamle, andeleg sett?

Mange vaksne har lite peiling på kva som står i bibelen. Det veit eg. Det er uklåre minne frå bibelsoge og mange vrangførestillinger. Medan pakistanske skuleborn i Noreg lærer koranen utanboks på arabisk(!), er vaksne nordmenn usikre på om salmane står i det nye eller det gamle testamentet.

Dette er ikkje ei skjennepreike. Det er ei utfordring. Blås støv av bibelen! Kanskje du skal kjøpa ei utgåve på moderne norsk. Oppsök stader der du kan få vita meir. Grav skattane fram, og gi trua di høve til å utvikla seg.

"Den som tyrstar, skal koma, og den som vil skal få livsens vatn for inkje."

(Kjell Arne Norum)

Misjon i Albania

Tor Nilsen Vaksdal frå Vaksdal er no i Albania saman med eit team frå Ungdom i Oppdrag. Dei skal vera med å byggja kristne kyrkjelydar i landet. Evangelisering og sosialt arbeid står på programmet. Det er fint om fleire kan vera med og be for Tor og teamet, og for folket i Albania.

Innbyding til skriftemål

Skriftemålet er ei gáve Gud har gjeve oss for å gjera det lettare å leva. Det er overraskande at det er så lité brukt.

A gå til skrifte vil seia å gå til ein prest eller ein annan kristen som ein har tiltru til og vedkjennast noko ein har gjort gale. Deretter vil den som lyttar, minna om Guds nåde og tilgjeving i Jesus Kristus. På dette grunnlag kan ein så tilseia forlating for synda til den som har vedkjent seg synda for Guds anlet.

Nokre av dei gladaste stunden eg har hatt i livet, er knytt til skriftemålet. Det er godt å få denne hjelpe til å leggja heilt av seg ting som ligg og trykkjer på samvitet.

Dessutan gjev skriftemålet oss hjelp til å sjå våre nederleg i augo. Det er ikkje så lett å lura seg sjølv med alle slags unnskyldningar når ein skal setja ord på tinga framfor eit anna menneske.

Velkommen til skrifte! Det krev litt sjølvovervinnning. Men det er godt og nyttig.

(Kjell Arne Norum)

Gløym ikkje faddrane

Faddrane vert pålagde å hjelpe foreldra med den kristne oppsedinga. Det må dei ta på alvor, seier Marta Halvorsrud, "Dåpsopplæringsplanen si "mor".

Kyrkjelyden må rekna med faddrane, seier ho. Fyrst kan dåpsforeldre oppmuntrast til å velja faddrar som vil ta oppgåva alvorlig. Dernest kan faddrane utfordrast på ulike måtar. Mellom anna kan dei gjerast merksame på hjelpe materiell, som bønebøker og songbøker, forutan tripp-trapp. Det er mange kyrkjelydar som tar kontakt med faddrane før konfirmasjon, det er også eit godt høve, seier Halvorsrud.

(Kirkeaktuelt)

Noreg er ikkje vårt

Vi hører iblant slagord om "Noreg for nordmenn" og liknande. Mot dette vil vi halda opp det kristne synet: Noreg er ikkje vårt! Det er Guds. Vi har fått landet til forvalting. Vi får brukha det til eiga nytte og gagn, og vi glæder oss over det. Men vi kan ikkje brukha landet vårt som vi vil. Det skal forvaltaast så vi gagnar vår neste.

For eit par hundre år sidan kunne det henda at leilendingen leid stor naud, men bonden på garden levde i overflod. Det tykkjer ikkje er rett. Men i dag skjer det same i større målestokk. Noreg er den rike bonden. Utanfor vår dør lever og dør fattige menneske. Likevel kjem det meste av den økonomiske veksten i verda dei tilgode som har mykje frå før.

Dette er ikkje rett. Noreg er ikkje vårt. Olja i Nordsjøen er ikkje vår. Pengane er ikkje våre. Alt tilhøyrer Gud.

(KANO)



Fasteaksjonen "Brød for verda" hadde stor oppslutning mellom norske kyrkjelydar i fjor. Vel 30000 bøsseberarar samla inn om lag 14,7 millionar. Pengar som vart sette inn i KNs arbeid i vel 60 land i Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Også i år vonar Kirkens Nødhjelph på stor oppslutning av kyrkjelydane. Aksjonen skal føregå i frå 17. til 24. mars med hovudvekt på 22. mars.

Me vil oppmoda alle som kan til å støtta aksjonen og arbeida saman for ei rettferdig verdi.

Runar
Byberg
er klar
for evan-
gelisering
unde OL på
Lille-
hammer.



Gud sender folkeslag til oss under OL -94

-Gud sender folkeslag til oss under Lillehammer-OL, seier Runar Byberg, som er ansvarleg for Ungdom i Oppdrag si OL-evangelisering. Han har teke OL som ei misjonsutfordring, og han trur at mellom 1000 og 1200 andre gjer det same.

-OL '94 vert tida sitt største med 80 påmelde nasjonar, så me har litt av ei misjonsutfordring framfor oss, fastslår Runar Byberg. Han fortel at han og medarbeidarane har opplevd stor velsigning i førebuingssarbeidet. Dei har fått tak i 380 overnattingsplassar på Lillehammer og Gjøvik. Nokre har til og med sagt opp leigeavtalar med LOOC og i staden leigt ut til UiO. Ðei grunngav det med at dei ville heller ha velsigning enn pengar.

Vitna om Jesus

Ein av skigutane, Kristen Skjeldal oppmodar kristen ungdom som er på OL til frimodig å vitna om Jesus til folk dei treff under OL. På den måten kan du vera med å spreia Jesu kjærleik til mange land på kloden, seier Skjeldal.

Takk

Dale Indremisjon vil senda ei særleg takk for 20.000,- kr. som Bedehuset fekk i gáve. Elles er vi takksame for alle gáver.

Gud elskar ein glad gjevar.

Dale Indremisjon

Bøneliste for kyrkjelyden vår

Alt kyrkjelydsarbeid er avhengig av forbøn. Vil du vere med og be for kyrkjelydsarbeidet i prestegjeld? Ei bøneliste kan vere eit praktisk hjelpemiddel. Punkta nedanfor er noko å starte med, så kan du fylle ut med fleire bøneemner sjølv. Merk: denne bønelista handlar berre om kyrkjelyden og menneska som bur der. Det vil ikkje seie at du ikkje skal be for dine eigne behov, for dine nærmeste og for verda utanfor din kyrkjelyd... På dei prikka linene kan de setja inn ting eller personar de sjølve vil be for.

Mandag ber vi for barnearbeidet

- søndagsskulen i og
- barneforeininga på
- barnearbeidet i
- leiarane i barnearbeidet
-
-

Vi ber spesielt om at det kjem i gang barnearbeid der det ikkje er noko enno.

Tirsdag ber vi for ungdomsarbeidet

- årets konfirmantar i og
- skulelaget på og skuler
- ungdomsklubben i
- ungdomskoret
-
-

Vi ber særskilt for ungdom som er utrygge og redde, og fryktar framtida.

Onsdag ber vi for soknerådet (-a)

- sokneråda i og
- for medlemene,
- for arbeidet og sakene
- for underutval og komitear
-

Vi ber særskilt om åndeleg fellesskap, og vilje og evne til å bruke tid på det som er viktig for kyrkjelyden.

(Framhald neste side)

Torsdag ber vi for diakoniarbeidet

- for diakoniutvalet i
- for besøkstenesta
- for formiddagstreffa
- for frivillighetssentralen
- for eldretreffa
- for alle som syner omsorg for andre menneske, ofte i det stille
- for soknediakonen og heimepleiarane
-
-

Vi ber særskilt for alle sjuke, einsame og andre som har det vanskeleg i vår kyrkjelyd. Hjelp oss å sjå behova og gjere noko med dei.

Fredag ber vi for heim og skule

- for småbarnsforeldre
- for foreldre med større barn
- for alle med ekteskapsproblem
- for dei arbeidslause
- for lærarane på og skule
- for elevar som strever
- for barnehagane
- ...
-

Vi ber særskilt om at heimane kan skape trygge oppvekstmiljø for barna, bygd på kristne verdiar.

Laurdag ber vi for dei eldre

- dei som bur på institusjon
- dei som bur heime
- dei som er einsame
- dei som er redde for framtida
-
-

Vi ber særskilt om at både styresmakter, slektingar og vi alle må sjå ansvaret vi har for våre eldre.

Søndag ber vi for gudstenesta

- for prestane, organistane og kyrkjetenarane
- for dei i kyrkjelyden som er til stades på gudstenestene i dag.
- for dei i kyrkjelyden som ikkje er til stades.
-
-

Vi ber særskilt om at evangeliet skal nå fram til stadig nye menneske.

Kvinnenes verdas bønedag



Fredag 4. mars vert det skipa til møte i Dale Kyrkje kl. 17.00 i høve Kvinnenes Verdas Bønedag. Dette er eit verdensomfattande arrangement.

Kontaktperson i Vaksdal, Liv Stokke Sellevold oppmodar kvinner å koma saman om dette og å be.

I år har det kome opprop frå kristne palestinske kvinner i Jerusalem. Dei bed om at me må be om at fred og forståing mellom dei ymse folkegruppene må vinna fram.

Det vert samla inn ei gåve til "Spredning av Bibelen".



Tenk på TV som et koldt bord:

«Retter» for store
«Retter» for små
mange slags «retter» er det å få
Husk kun at valget det må du gjøre
– hva du vil se – og hva du vil høre

Fra "På Bølgelengde"

Ungdomsseminar

Laurdag 15. januar var det kalla inn til seminar om kristent ungdomsarbeid i Vaksdal kommune. Bakgrunnen for tiltaket var at alt kristent arbeid for ungdom frå 13 år og oppover låg nede.

Ungdomsarbeid

Til å innleia på seminaret hadde tilskiparane fått tak i ungdomsprest Svein Høysæter frå Samnanger.

Han hadde målsetting og mogelegheit som overskrift. Det første han tok tak i var at me koma vekk frå det "Hadde me berre hatt-syndromet" som til dømes ein ungdomsprest, eit kor eller liknande. Det me må er å sjå kva me har og kva krefter som kan setjast inn.

Kvifor ungdomsarbeid

-Kyrkjemøtet i 1990 sa at ungdomen er ikkje gårsdagens, men morgondagens kyrkje, sa Høysæter. Me må驱iva ungdomsarbeid fordi kvar generasjon lyt kristnast på nytt. Difor må me驱iva konfirmantarbeid og anna nærmisjon. Det er veldig viktig å vita kva me vil og ha ei klår målsetjing.

Grunnen til ei klår målsetjing er at me treng noko å styra etter, noko å måla oss i høve til. Me vil at menneske skal læra Jesus å kjenna, og at dei skal ta eit klårt standpunkt for han. Me må også få fram at menneske skal tena Jesus i kjærleik, sa Høysæter.

Korleis nå måla

Måla kan me nå ved at nokon tek åndeleg ansvar. Nokon må ta på seg at me når måla me har sett oss, og me må finna ut kva Gud vil med det me gjer.

-Me må våga å vera få og gje tryggleik, rettleiing og utfording, altså innföra TRU-prinsippet i gruppene. Og me må vera budd på kritikk.

-Ein måte å nå måla på er ved modellering. Jesus gjekk saman med lærersveinane og viste dei korleis dei skulle driva arbeidet. Sidan



Svein Høysæter hadde føredràg under ungdomsseminaret på Stanghelle Bedehus.
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

lærde dei opp andre lærersveinar. Slik må det også vera hjå oss.

Bruktid

-Me må våga å bruka tid. Alt kan ikkje skje på ein gong. Ein person har sagt at mange overvurderer kva dei kan gjera på eit år, men undervurderer kva dei kan gjera på tre år. I slike høve er det veldig viktig å lytta etter kva Gud vil. Me må læra oss å be: "Lat riket ditt koma". Jesus gjorde Faderens vilje, det må me også læra oss til. Me må læra oss til å vera stille, og lytta.

Me må læra oss til å sjå enkeltmenneske. For ungdom seier fort farvel til eit opplegg, men ikkje farvel til venskap. Høysæter sa for å illustrera dette me å lytta at ein gong var det berre 2 som

møtte oppatt om hausten til korøving. -Eg gjekk til Jesus, han bad meg sitja ned og venta og sjå kva han ville gjera. Ei stund etter kom det ei jente og hadde lyst til åvera i kor. Ho fekk vener med seg, og to veker etter var det 60 personar i koret.

(R.K.)

Gruppearbeid

Etter innleiingsføredraget var det gruppearbeid der ymse tiltak for å få i gang arbeid for ungdom vart gfta. Deltakarane var i alle aindrar og frå ymse stader i Vaksdal Kommune. Det var også folk frå Modalen med. Under gruppearbeidet kom det fram mange tiltak, fortel ein av initiativtakarane, Åshild Rene. Ho fortel at det resulterte i fem konkrete tiltak.

Konkrete tiltak

Nattkafe var eit av tiltaka og den skal alternera mellom Vaksdal, Dale og Stanghelle. Fyrste treffa var 22. januar, 29. januar og 5. feb. For vidare datoar sjå annan stad i Kyrkjebladet.

Kor vil også bli oppattstarta. Det kom i gong med øving på Dale først i februar.

Skulelaget vart det også blese luft i. Dei kom i gong i januar. Elles vil bibelgrupper verta starta opp, vonleg i kvar bygd. Eing gong i månaden vil gruppene ha felles samling.

Det vart også sagt at ein skulle prøva å få starta ungdomsradio på Radio Vaksdal.

Til slutt var det lovsongskveld med vitnesbyrd, så alt i alt må ein seia at dette var ein god og konstruktiv dag for kristent ungdomsarbeid, seier Rene,



Her er ei av gruppene i sving under seminaret.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

BARNESIDE

Gåte frå Johannes

Apostelen Johannes skreiv ikkje berre Johannes evangelium. I Det nye testamente finn vi også Johannes openberring og tre brev som denne apostelen har skrive.

I Johannes første brev, kapittel 1 finn du det bibelordet som står under. Du tykkjer kanskje det ser litt rart ut. Det er fordi det har kome inn ein "a" mellom kvar bokstav inni kvart ord i bibelverset, og så står det "ams" mellom orda. Dersom du stryk ut alt som er for mykje, finn du ei fin Johannes-helsing.

Maeanamsdaearasaoamamsvaiamsfaearadaaaasatamsiamslajaoasaeatams laiakasaoamamshaaanamsearamsiamslajaoasaeatamsdaåamshaaaramsva iamssaaamafauananamsmaeadamskavaaraaanadaraeameamsoagamsJaeeasaua mshaaanasamsSaoanasamsbalaoadamsraeaianasaaramsoasasamsfaoara msaalalamssayanad.

ADAMS DAM



Vits

Sherlock Holmes kom til himmelen og gjekk rett bort og helsa på Adam og Eva.
"Korleis visste du kven me var?"
"Elementært, kjære Adam", svara Sherlock.
"De er dei einaste som ikkje har navlar."



SKRUK-dirigent Per Oddvar Hildre

Folkehøgskuleåra ste - dei to beste åra i livet mitt

SKRUK-dirigenten Per Oddvar Hildre er ikkje i tvil, to år på Borgund Kristelege Folkehøgskule forma han og gjorde han til eit sjølvstendig tenkjande menneske.

Dei to åra lærde meg også å be tilgjeving. Slik botsøving har jo nærmast gløynd i dag. Tilgjeving både hos Gud og menneske. Eg ville ikkje har gått glipp av desse åra for noko. Eg lærde å gjera opp; det gjev like god kjensle som når tannlækjaren er ferdig med rotfylling av tanna mi, samanliknar Hildre.

Desse åra fekk også augo mine opp for korsong gjennom at eg fekk møta Helge Birkeland. Og så vart eg ein kristen på skulen - andre året eg gjekk der, smiler Hildre. Eg gav Gud ein sjanse, opplevde hans nærliek og tilgjeving, og iann at trua heldt, og har halde sidan.

(KPK)

Åpne kirkedører

Prøvde å komme inn til deg, Gud men ikke kunne bare voksne rikke på og håndtaket var så høyt oppe og nøkkelen hadde kirketjeneren han liker ikke unger så jeg la løvetannen til alteret ditt på trappa istedet

Når du sier at ungene skal komme til deg hvorfor lager du ikke bittesmå kirker da som bestandig er åpne?

Fra samlinga: Hei Gud av Svein Woje.

Nytt frå fellesrådet

Kyrkjeleg fellesråd for Vaksdal vedtok i møte, 20. januar at det skal skiftast til nytt høgtalaranlegg i Dale Kyrkje.

-Arbeidet skal utførast av Lyd og Telesystemer frå Åsane, seier kyrkjeverge Lars Hjelmeland. Han legg til at ein reknar med å få det installert i vike 5.

Det vert fullstendig utskifting av leidningar, høgtalarar og også nytt teleslyngopplegg. Det gamle var nok godt nok i si tid, men det går framover også på den fronten, seier Hjelmeland. Så nå kan me sjå fram til betre tider lydmessig i Dale Kyrkje.

Annonser

Fellesrådet har teke opp at det bør gjerast framstøyt for å få fleire annonsørar i kyrkjebladet.

Redaksjonen vil med dette oppmoda dei som finn trong for det å nyttja bladet til annonser. Prisar for mm, telefon til red. med meir finn de annan stad i bladet.

Velkommen som annonsør i bladet. I eit tidlegare vedtak har fellesrådet sagt at redaksjonen skal vurdera kva som skal inn grunna at dette er eit kyrkjeblad. "Vi tek mot annonser frå ulike organisasjonar. Vi seier nei til agiterande politiske annonser. Redaktøren bør avvisa annonser som bryt med føremålet til kyrkjebladet"

(Red.)

Individ i Guds bilete

Gud lagar ikkje kopiar; Kvar ein-skild person er einestående, som ein hyllest til Guds kreative evne. Om vi skal elskar vår neste som oss sjølve, må vi godta menneske slik dei er.

(Henry Feheren i U.S. Catholic)

Nattkafé

Her fylgjer stad og opningstider for Nattkafeane fram til påske. Nattkafeen startar kl. 21.00 og held ope til omlag midnatt.

Fredag 11. feb. Stanghelle Bedehus
Laurdag 19. feb. Dale Bedehus
Laurdag 5. mars Vaksdal Bedehus
Laurdag 12. mars Stanghelle Bedehus
Laurdag 19. mars Dale Bedehus

Tobakkulose

Forskarane seier at det årleg dør fleire menneske i Noreg av røyking enn dei som i si tid døydde av tuberkulose. Dessutan reknar ein no med at 1000 menneske dør kvart år av passiv røyking. Det er dobbelt så mange som dei som mister livet i trafikken

Då er det på tide å henta fram det 5. bodet: Du skal ikkje slå ihel. Med dette bodet vil Gud verna om livet vårt og livet til vår neste.

KANO

Dumme hakkespetter

Ein hakkespett hakka med nebbet sitt på ein trestamme. I det same råka eit lyn treet og øydela det. Fuglen flaug avgarde og sa:

-Eg visste ikkje at det var så mykje kraft i nebbet mitt!

Når vi gir evangeliet vidare til andre, er dét fåre for at vi vil tenkja eller seia:

-Eg har gjort ein god jobb.

Ikkje ver som ein dum hakkespett. Vit kvar styrken din kjem frå. Det er berre Den Heilage Ande som kan gjera ein bodskap god og grøderik.

(Corrie Ten Boom i Each New Day)

Morsdag

Hugs morsdag 13. februar, det set ho nok pris på.

OL-leir på Fagertun

Det vil bli arrangert OL-leir på Fagertun i tida 25.-28.2 1994.
Alder: For dei som har sluttat i 9 klasse og oppover.
Pris: Kr. 200,-.
Påmeldingsfrist: 12. februar til Kretskontoret:
Norges Samemisjon, Sparebankgt. 4a
5017 Bergen. Tlf. 55 31 65 06.
Me vil samlast og Guds ord og sjå på TV, og vera ute dersom veret tillet det.

Påskeleirar

Barneleir 25.-28. mars
Alder: 3.-6. klasse
Pris: Kr. 300,-

Ungdomsleir

Alder: 7. klasse og oppover.
Pris: Kr. 450,-.

Påmeldingfrist for begge leirane er 17. mars.

De sender påmelding til:
Norges Samemisjon,
Sparebankgt. 4 a,
5017 Bergen.
Tlf. 55 31 65 06

Løysing

barnekonkurranse

1. Kjell Arne Norum er 45 år
 2. Det er 7 kyrkjer i Vaksdal
 3. Daleidtunnelen er lengste tunnelen har og godteke Stavenes, då det var litt uklår framstilling.
 4. Det er 50 dagar mellom påske og pinse.
 5. Inge Chr. Meidell er 48 år
 6. Det er 2 ungd.skular. Dale og Eksingedalen.
- Det var berre eit rett svar.
Vinnar: Caroline Hol, 5273
Stanghelle som får boksjekk.

Soknerådsformenn

VAKSDAL: Bjørn Knutsen,
5270 Vaksdal, tlf. 56 59 73 40.

DALE: Reidun Takvam,
5280 Dalekvam, tlf. 56 59 61 33.

BERGSDALEN: Lise-Lotte Småbrekke,
Bergsdalen, 5280 Dalekvam,
tlf. 56 59 89 68.

STAMNES: Anne Margrete Eikefet,
Eikefet, 5294 Eidslandet,
tlf. 56 59 56 77.

EKSINGDALEN: Mary Odland Trefall,
Flatekval, 5294 Eidslandet,
tlf. 56 59 58 46.

NESHEIM: Ingunn Lønning Gullbrå,
Gullbrå, 5294 Eidalandet,
tlf. 56 59 59 20.

EIDSLAND


26.12 Vilde Møster Aas

VAKSDAL

02.01 Marita Hildborg Dalseid

16.01 Stian Pahlm Stålrtzel

16.01 Marius Alvheim



Kontingent

Vedlagt i bladet finn de ein postgiro for innbetaling av kontingen. Prisen er som før kr. 60,-. Me vonar flest mogeleg vil vera med og støtta Kyrkjebladet på denne måten. Dersom de finn å gje meir enn kontingen er me takksame for det.

På førehand takk.

(Red.)

DALE

20.11 Alfred N. Tysse f. 1906

04.12 Haldis Pettersen f. 1924

09.12 Daniel Faugstad f. 1900

10.12 Knut Olav Peder Brattebø f. 1933

11.12 Einar Skaftun f. 1907

15.12 Andreas Vatle f. 1900

BERGSDALEN

30.12 Ragnvald Berge f. 1903

STAMNES

30.11 Sigrid Kallestad f. 1910

19.12 Magnus Bjørkheim f. 1907

VAKSDAL

16.11 Jenny Bruvik f. 1896

17.12 Leif Bjarne Eide f. 1908

19.12 Ole G. Knutsen f. 1907

06.01 Anders Tolås f. 1901

12.01 Jenny Herfindal f. 1909

16.01 Agnes Herfindal f. 1914

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE


21.11 Hanna Hårvik Tvedt

21.11 Petter Faugstad Jordalen

21.11 Gaute Kallestad Liset

22.12 Elisabeth Jordalen Johnsen

12.12 Runar Fossmark



...at me må læra å
telja våre dagar, så me
kan få visdom i hjarta.

STOFF TIL NESTE NR.

- må vera kome redaktøren i hende innan 25. februar 1994.
- Bladet kjem ut i veka 12 som byrjar med 21. mars.
- Ragnvald

Samtale med presten

- Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på telefon på førehand.
- prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

- Sokneprestkontoret tlf. 56 59 61 20
- tysdag og torsdag 9-13.30.
- Ras.kap. Kjell Arne Norum
- tlf. 56 59 70 88 Mobil 9450 29 92
- Hugs, måndag er presten sin fridag.

VELKOMEN TIL KYRKJE



- 13. februar - Søndag før faste
- STAMNES kl.11.Fam.gudst. Norum.Utdeling av "GODTNYTT" til 4.kl.
- NESHEIM kl.11.Vikar.Nattverd.
- VAKSDAL kl.18.Fam.gudst.Norum.Utdeling av "GODT NYTT" til 4.kl.
- 20. februar - 1.søndag i faste
- EIDSLAND kl.11.Vikar.Nattverd.
- DALE kl.18.Vikar.
- 27. februar - 2.s. i faste
- VAKSDAL kl.11.Vikar.Nattverd.
- BERGSDALEN kl.11.Norum.Nattverd.
- 6.mars - 3.s i faste
- DALE Kl.11.Vikar.Nattverd.Offer til De fire Diakoni-institusjonene
- EKSINGEDALEN Kl.11.Norum.
- STAMNES Kl.17.Vikar.Nattverd.Offer til Det teologiske Menighetsfakultetet.
- DALE Kl.? Konserst.
- 13.mars - 4.s i faste
- VAKSDAL Kl.11.Vikar.Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

20.mars - Maria Bodskapsdag

- DALE Kl.11.Fam.gudst.Norum.Utdeling av "GODT NYTT".Offer til Det Norske Misjonssekskap.

- EIDSLAND kl.11.Vikar.Offer til Nordhordland Indremisjon.

Møteveke

Denne veka er det møte på Stanghelle Bedehus ved Sverre Vågen frå Samemisjonen.

-Me vonar at mange finn vegen til bedehuset denne veka, seier Odd Alvheim, som er kontaktperson for Samemisjonen.

Møta tek til kl 19.00

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: Kr. 60,-

Annonsepris: Kr. 2,20 pr. sp.mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81

Kasserar: Asle Georg karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 50 70 32

Eksp. og Trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.